



Karmøy kommune Landbrukskontoret
Rådhuset
4250 Kopervik

Kontakt saksbehandlar
Stein Bomo, 51 56 89 72

Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) - rapport 2022 og aktivitetsbudsjett 2023

Vi viser til tildelingsbrev datert 28.02.2022 der kommunane er bede om å sende inn rapport for bruk av midlar i 2022 og aktivitetsbudsjett for kva midlar kommunane meiner å ha behov for i 2023. Frist for innsending av rapport og aktivitetsbudsjett er sett til **tysdag 31. januar 2023**.

Bakgrunn

Tilskot til NMSK er underlagt nasjonale føringar og regionale satsingar, og kommunane kan lokaltilpasse tilskotsordninga innanfor dette handlingsrommet. Statsforvaltaren har ansvar for å fordele midlane mellom kommunane på grunnlag av mellom anna kommunane sine tiltaksstrategiar for skogkultur og aktivitetsbudsjett for 2023.

Rapportering for 2022

Ved rapportering kan de nytte vedlagt rapporteringsskjema (vedlegg 1). I rapporten ber vi om at de kommenterar avvik mellom aktivitetsbudsjett og årets forbruk, og korleis kommunen har arbeidd for å nå mål og prioriteringar i NMSK-strategien. Vi sender også skjemamal per mail.

Aktivitetsbudsjett for 2023

De kan nytte vedlagt skjema for aktivitetsbudsjett for 2023 (vedlegg 2). Vi sender også skjemamal per mail. For vegar ber vi dykk legge inn prosjekt med faktisk behov for midlar i 2023 i skjemaet. Før dei opp med namn på prosjektet slik at me enkelt kan slå dei opp i ØKS og veibanken. Det er ikkje naudsynt å føre inn behov for midlar til drift då me held att ein pott til dette som me tildeler fortløpande gjennom året etter kvart som behovet oppstår, jf. *Felles retningsliner for tilskot til skogsvegar og taubane* (vedlegg 3).

Fristar

Vi ber om at rapport for 2022 og aktivitetsbudsjett for 2023 blir sendt per e-post til sfropost@statsforvalteren.no med kopi til fmrosbo@statsforvalteren.no.

Frist for innsending er **tysdag 31. januar 2023**.



Føringar for 2023

Politiske føringar

Det er ikkje signalisert store kursendringar for 2023.

- Kommunane skal innrette bruken av verkemidla i skogbruket slik at dei styrker langsiktige investeringar i oppbygging og skjøtsel av ny skog med omsyn til skogproduksjon og framtidig verdiskaping.
- Forynging etter hogst og utbygging av infrastruktur er hovudfokus.
- Kommunen har ei viktig rolle i å bidra til gode klimatiltak og klimatilpassing i skog.

Styringsdokument

- Meld. St. 6 (2016-2017) Verdier i vekst - Konkurransedyktig skog- og trenæring
- Kystskogmeldinga (2022)
- Handlingsplan for skogbruket i Rogaland
- Regionalplan for energi og klima i Rogaland
- Regionalplan for landbruket i Rogaland

Avskoging

Rogaland har regionale retningsliner for korleis omdisponering frå skogbruksareal til jordbruksareal skal praktiserast ut frå gjeldande regelverk. Det er sett klare krav til produksjon på arealet og tidsfristar i «*Retningsliner for omdisponering av skogareal til jordbruksformål*» (vedlegg 4).

Skogkultur

NMSK-strategiane og aktivitetsbudsjettet bør ha klare målsettingar og konkrete tiltak for å auke investeringane i planting og skjøtsel. Behovet på planting og ungskogpleie i Rogaland er stort. Tett kontakt og samarbeid med næringsaktørane er viktig for oversikt over behov for skogkulturtiltak.

Infrastruktur, taubane og drift

For prioritering og saksbehandling av skogsveier, taubaner og driftsstøtte skal «*Felles retningsliner for tilskot til skogsveigar, taubane o.a.*» frå 2022 leggjast til grunn (vedlegg 3).

Dei fleste kommunane har slutført hovudplanen for skogsveigar. Hovudplanane er styringsverktøy for prioritering av veganlegg og mobilisering, i tillegg gir dei føringar for handsaming av enkeltsaker, jamfør vegforskrifta. Vi ber om at dei som ikkje har avslutta hovudplanen prioriterer dette i 2023.

Vi er avhengige av at kommunane tek initiativ til nye veganlegg og følgjer opp i planleggings- og gjennomføringsfasen for å få ei målretta og effektivt bruk av tilskot til skogsveigar. Det er mange veganlegg som har fått tilskot, men som ikkje er ferdigbygde. Vi ber kommunane om å sette av nok ressursar til å følgje opp gamle og nye vegsaker, og nytte vegplanleggaren vi har i fylket gjennom prosjektet «Gode skogsvegløysingar 2023 – 2025». Dette prosjektet er vidareført i 3 nye år t.o.m. 2025.

Med helsing

Morten Svanes (e.f.)
rådgiver

Stein Bomo
fylkesskogmeister

Dokumentet er elektronisk godkjent



Vedlegg

- 1 Vedlegg 1 - Rapporteringsskjema NMSK 2022
- 2 Vedlegg 2 - Aktivitetsbudsjett NMSK skogkultur, skogsvegar og taubane
- 3 Vedlegg 3 Felles overordna retningslinjer for tilskot til skogsveg og taubane 2022
- 4 Vedlegg 4 - Retningslinjer om disponering frå skogbruksføremål til jordbruksføremål - 2012
- 5 Vedlegg 5 Tildelingsbrev NMSK 2022

Adresseliste:

Sola kommune, Avdeling arealbruk	Postboks 99	4097	Sola
Tysvær kommune Næringsavdelinga	Postboks 65	5575	Aksdal
Time kommune Landbruk miljø- og kulturvern	Postboks 38	4349	Bryne
Stavanger kommune Landbruksseksjonen	Postboks 8001	4068	Stavanger
Gjesdal kommune Tjenesteområde areal-, naturressurs- og miljøforvaltn.	Rettedalen 1	4330	Ålgård
Randaberg kommune, Avdeling landbruk	Postboks 40	4096	Randaberg
Sandnes kommune Landbrukskontoret Sandnes, Stavanger og Kvitsøy	Postboks 583	4305	Sandnes
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Kvitsøy kommune	Kommunehusveien 6	4180	Kvitsøy
Lund kommune Plan-, næring- og miljøetaten	Moiveien 9	4460	Moi
Hå kommune, Etat for tekniske saker og næring	Postboks 24	4368	Varhaug
Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe
Strand kommune Plan og forvaltning	Postboks 115	4126	Jørpeland
Landbrukskontoret i Eigersund og Sokndal	Postboks 580	4379	Egersund
Sauda kommune Næring	Postboks 44	4201	Sauda
Bokn kommune	Boknatun	5570	Aksdal
Suldal kommune Bygdeutvikling	Eidsvegen 7	4230	Sand
Karmøy kommune Landbrukskontoret	Rådhuset	4250	Kopervik
Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	ØLEN
Haugesund kommune sektor for teknisk drift	Postboks 2165	5504	Haugesund
Landbruksforvaltninga			
Utsira kommune	Postboks 63	5547	Utsira
Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	Hauge I Dalane